



Grovsiling av innspill

Kommuneplanens arealdel 2024 - 2037

Dokumentet er utarbeida av arbeidsgruppa for
kommuneplanarbeidet:

Synne Grosberg, prosjektmedarbeider plan

Marit Svanborg, kommunalsjef forvaltning

Sigurd Vie Alme, plan- og miljørådgjevar

Innleiing

Dette dokumentet er ei grovsiling av dei 59 innspela som har kome inn (inkludert kommunens eigne behov), med konkrete forslag til arealinnspelet til kommuneplanens arealdel. I tillegg har det kome fleire generelle utsegn til planprogrammet til arealdelen. Desse innspela vurderast når forslag til plankart og føresegn skal utarbeidast. Det har kome inn fleire innspel som ikkje er tatt med i grovsilinga på grunn av at dei er sikra gjennom reguleringsplanar eller ikkje lenger er aktuelle.

Silingskriterier

Følgjande føresetnader er lagt til grunn for vurdering /siling av område/innspel:

- Berører arealinnspelet viktige, fulldyrka eller dyrkbar mark, snaufjell, vassdrag, skogsmark av høg bonitet eller myr?
- Er innspelet i konflikt med verneområde og verna vassdrag?
- Er innspelet i konflikt med kjente naturfarar?
- Ligg i eller er i konflikt med eksisterande seterområder?
- Ligg tiltaket innanfor byggeforbodssone til vatn- og vassdrag?
- Er innspelet i konflikt med viktige natur- og friluftsområder eller hovudvilt-trekk?
- Enkelttomtar for bustader og fritidsbustader vil ikkje bli vurdert.
- Er innspelet i konflikt med mineralressursar?


Metode: trafikklys-system

Arbeidsgruppa har lagt til grunn eit "trafikk-lys-system" for vurderinga for det enkelte innspel. Vurderingane som er føretatt her må ikkje forvekslast med formelle konsekvensutgreiingar. Dette er ein grundigare prosess som må oppfylle bestemte metodiske krav etter forskrift om konsekvensutgreiing. Innspela er gitt fargane grøn, oransje og raud. Den enkelte farga betyr følgjande:

- **Grøn farge:** Det anbefalast at innspelet takast med vidare i planarbeidet for konsekvensutgreiing.
- **Oransje farge:** Innspel markert med oransje farge vurderast av arbeidsgruppa til å kunne ha eit konfliktgrunnlag i forhold til føringane som er lagt til grunn i kommuneplanarbeidet samt dei ulike interesseområda til andre offentlege myndigheiter. Det anbefalast at innspelet takast med vidare i planarbeidet for konsekvensutgreiing.
- **Raud farge:** Innspel markert med raud farge vurderast av arbeidsgruppa til å ha eit klart konfliktgrunnlag i forhold til føringane som er lagt til grunn i kommuneplanarbeidet samt dei ulike interesseområda til andre offentlege myndigheiter. Om innspelet allereie er avklart i tidlegare planprosess eller trekt vert det ikkje tatt med vidare i planprosessen og til konsekvensutgreiing.

Sortering av innspel

I tabellane nedanfor blir alle innspel presentert og vurdert. For å kunne betre orientere seg om kva del av kommunen innspelet er lokalisert, er innspela sortert etter grender. Nedanfor er ein illustrasjon av Lesja kommune delt inn frå vest mot aust.



Figur 1 Lesja kommune delt inn frå vest mot aust.


Oppsummering


Ut frå 59 arealinnspel anbefalast det å ta 31 arealinnspel til neste fase for å bli konsekvensutgreia. Dei innspela som ikkje anbefalast til neste fase blir vurdert til å ikkje vere i tråd med nasjonale forventningar, silingskriteriane eller kommunens langsiktige behov.

Nr.	Forslagsstillar	Eksisterande formål	Foreslått formål	Areal	Anbefaling
1	Else Mari Øverbø	Fritidsbusetnad	Fritidsbusetnad	23 daa	Anbefalast ikkje
2 A	Mørelaft AS	LNFR/grønstruktur	Fritidsbusetnad	Ca 7,5 daa	Anbefalast ikkje
2 B	Mørelaft AS	LNFR/grønstruktur	Fritidsbusetnad	140 daa	Anbefalast ikkje
3	Bjorli Eiendom AS	LNFR/fritidsbusetnad	Fritidsbusetnad	-	Anbefalast
4	Hilde Anne Bakken, Åge Paulsrud	LNFR	Fritidsbusetnad	1,3 daa	Anbefalast
5	Media1 Molde AS	LNFR	Fritidsbusetnad	3,8 daa	Anbefalast ikkje
6	Stein Tomren	LNFR	Fritidsbusetnad	3,2 daa	Anbefalast ikkje
7	Snauskriu hytteforening	Fleire formål	Gang- og sykkelveg	Ca 800 m	Anbefalast


8	Weenasgruppen AS	Fritidsbustad/Næringsvirksbustetnad	Fritidsbustetnad	38,3 daa / 16,4 daa	Anbefalast ikkje
9	Edin Rånå	Næringsvirksbustetnad	Fritidsbustetnad	6 daa	Anbefalast
10	Bjorlitoppen Utvikling AS	Fleire formål	Fleire formål	-	Anbefalast ikkje
11	John Bjorli, Laila Brøste, Asbjørn Velure	LNFR	Fritidsbustad	129 daa	Anbefalast ikkje
12	Harald Nordal	Fritidsbustetnad	LNFR	0,8 daa	Anbefalast
13	Anett Svanemyr	Fritidsbustetnad	Fritidsbustetnad	0,8 daa	Anbefalast ikkje
14	June A. Vestavik	LNFR	Fritidsbustetnad	15 daa	Anbefalast
15	Ole T. Johannesen	LNFR	Bustad	12 daa	Anbefalast
16	Grendemøte Rånå og Bjorli	Fleire formål	Grønstruktur	-	Anbefalast
17	Hans Ove Holmøy	Forretningsverksemd	Forretningsverksemd	-	Anbefalast ikkje
18	Rånå Utmarkslag v/ Eivind Bakken	LNFR	Bustad	-	Anbefalast ikkje
19	June Vestavik	Framtidig kombinert bustetnad og anleggsformål	Miljøstasjon	16,5 daa	Anbefalast ikkje
20 A	Arnfinn J Holten/Lesjaskogsvatnet camping	Fritids- og turistformål	Offentleg rasteplass	3 daa	Anbefalast
20 B	Arnfinn J Holten/Lesjaskogsvatnet camping	Fritids- og turistformål, kombinert bustetnad og anleggsformål	Vidareføre	-	Anbefalast
21	Lesjaskogsvatnet camping	LNFR	Tursti/grønstruktur	-	Anbefalast
22	Lesjaskog skytterlag v /Eirik Sæther	LNFR /grunnvannsområde	LNFR	340 daa	Anbefalast ikkje
23	Eirik Sæther	LNFR	Næringsareal	11 daa	Anbefalast
24 A	Eirik Sæther	Framtidig bustadbustetnad/nåværande bustadbustetnad / fritidsbustetnad	Bustad	45 daa	Anbefalast ikkje
24 B	Eirik Sæther	LNFR/ framtidig næringsvirksbustetnad	Bustad	100 daa	Anbefalast
24 C	Eirik Sæther	LNFR	Næring	168 daa	Anbefalast
25	Grøna Sameige	LNFR	Grusuttak	-	Anbefalast
26	Atle Einbu Teigen	LNFR	Fritidsbustetnad	-	Delvis
27	Grendemøte Lesjaskog	LNFR	Gang- og sykkelveg	-	Anbefalast ikkje
28	Lesjaskog IL	LNFR	Løypetrase	-	Anbefalast ikkje
29	Ola Erik Myren	LNFR	Fritidsbustetnad	13 daa	Anbefalast ikkje
30	Per Michael Thøring	LNFR	Fritidsbustetnad	55 daa	Anbefalast ikkje
31	Morten Kåre Sanden	LNFR	Fritidsbustetnad	0,5 daa	Anbefalast ikkje


32	Per Nordsletten m.fl.	LNFR/fritidsbusetnad	Fritidsbusetnad	60 daa	Anbefalast ikkje
33	Lesjaverk grendeutvalg	LNFR	Næring	-	Anbefalast ikkje
34	Torgeir Nordgård	LNFR	Råstoffuttak	-	Anbefalast ikkje
35	Rune Stokke	LNFR	Næring	-	Anbefalast ikkje
36	Doseth AS	LNFR	Næring	3,8 daa	Anbefalast
37	Sigmund Kornkveen	LNFR	Fritidsbusetnad	71 daa	Anbefalast ikkje
38	Grendemøte Lora og Lyftingsmo	LNFR/bolig	Bustad	-	Anbefalast ikkje
39	Bjørn Magnus Tordhol	Næring	LNFR	2600 daa/ 1400 da	Anbefalast
40	Svend Ola Hådi	Fritidsbusetnad/LNFR	Fritidsbusetnad	-	Anbefalast ikkje
41	Svend Ola Hådi	LNFR	Tursti	-	Anbefalast ikkje
42	Lene Fjeld Gilberg	LNFR	Bustad	22 da	Anbefalast
43	Marit Hole Tynnøl	LNFR/grønstruktur	Offentleg badeplass	-	Anbefalast
44	Lesja fjellstyre	LNFR	Fritids- og turistformål	-	Anbefalast
45 A	Lesja kommune	Fleire formål	Gang- og sykkelveg	-	Anbefalast
45 B	Lesja kommune	LNFR	Gang- og sykkelveg	-	Anbefalast
45 C	Lesja kommune	LNFR	Næring	150 daa	Anbefalast
45 D	Lesja kommune	LNFR	Næring	162 daa	Anbefalast
45 E	Lesja kommune	LNFR	Grønstruktur/friluftsliv	3,2 km	Anbefalast
45 F	Lesja kommune	LNFR	Grønstruktur/friluftsliv	2 km	Anbefalast
45 G	Lesja kommune	LNFR	Bustad/offentleg tenesteyting	15 daa	Anbefalast
45 H	Lesja kommune	LNFR	Grønstruktur/friluftsliv/i drett	22 daa	Anbefalast
45 I	Lesja kommune	Masseuttak	Masseuttak	-	Anbefalast
45 J	Lesja kommune	Råstoffuttak	Anlegg og næring	110 daa	Anbefalast
46	Næringsgruppe	Bustad/Næring	Bustad/Næring	-	Anbefalast ikkje


Innspel: Ynskjer frådeling av hytteområde, ca. 23 dekar.		Einbu, Bjorli
Innspel nr. 1	Else Mari Øverbø	Gnr/bnr. 4/1
		
Planstatus	Fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Nei	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Landbruksveg i lav klasse som ikkje er egna for hyttefelt. Kommunen kjenner ikkje til avtale om bruk av veg.	
Fagleg vurdering	Frådeling av område er ikkje relevant for denne prosessen, kommuneplanens arealdel. Arealet ligger inne i gjeldande kommuneplan som fritid. Området har ikkje sikra vegadkomst.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet på bakgrunn av den faglege vurderinga.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å endre dagens formål til fritidsbusetnad. Ca 7,5 daa		Nyheim, Bjorli
Innspel nr. 2 A	Mørelaft AS	Gnr/bnr. 2/9
		
Planstatus	LNFR og grønstruktur i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Eigedomen består av fulldyrka jord.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Skiløype som går over eigedomen.	
Faresone	Området ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred, og innanfor aktsemdskartet for snøskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen ligg mellom Fjelldronningvegen og Jordsengvegen.	
Fagleg vurdering	Bevaring av dyrka jord er avgjerande for å ivareta nasjonal og global mattryggleik. Derfor bør vi i størst mogleg grad unngå å bygge på dyrka mark. I den nasjonale jordvernstrategien er det satt mål om maksimal årleg omdisponering av dyrka mark. Dette er eit nasjonal mål, og det er avgjerande for å nå målet at det ikkje vert omdisponert dyrka mark gjennom arealplanlegginga. På bakgrunn av dette er ikkje innspelet i tråd med i tråd med overordna føringar og silingskriterier. Ein må også ta i betraktning at eigedomen ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred, og innanfor aktsemdskartet for snøskred.	


Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til jordvern. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	

Innspel: Ynskjer å endre dagens formål til fritidsbusetnad, ca. 140 dekar.		Øvre Liarberget, Bjorli
Innspel nr. 2 B	Mørelaft AS	Gnr/bnr. 2/371
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel og LNFR reg.plan for Bjorlia skiløype	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Arealet sør på eigedomen består av myr og snaufjell.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Eigedomen ligg nært fjellområde og derav villreinområde. Gjennom eigedomen går det skiløypetrase og fotrute.	
Faresone	Eigedomen ligg i aktsemdområde for snø-, jord- og flaumskred. Nord-øst på eigedomen ligg og i utløysingsområde for steinsprang. Bekken/elva Syste renn gjennom området.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn	Eigedomen ligg inntil Bjorlia hyttefelt.	
Fagleg vurdering	Innspelet til nytt hytteområde ligg i nærleiken til fleire andre regulerte hytteområde. Området må sjåast på som eit nytt utbyggingsområde og ikkje ei vidareføring/fortetting av dei etablerte områda. Eigedomen har ikkje infrastruktur som veg, vatn og avlaup. Utbygging av hytter i området vil vere problematisk i forhold til at det ligg nært fjellområde, noko som vil bidra til auka ferdsel inn villreinområde.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til sårbare fjellområde og samfunnsfare. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Det ynskjast ei justering av området regulert til fritidsbusetnad til ein meir hensiktsmessig plassering og utnytting av parsellen. Ynskjer at utnyttbart område for busetnad utvidast/forflyttes mot grense i nordre del av parsell.		Jordsengvegen, Bjorli
Innspel nr. 3	Bjorli Eiendom AS	Gnr/bnr. 2/1045
		
Planstatus		LNFR/fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Området som er ynskja å flytte nordover består av fulldyrka jord.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Øst på eigedomen renn ein bekk. Ved å flytte arealet nordover vil dette ha innverknad på bekkene og vil dermed betre forholda for den.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Arealet ligg tett innpå skiløype.
Faresone		Området ligg i aktsemdskart for jord- og flaumskred. "Grøn korridor" som er teikna inn i innspelet ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Området har adkomst frå privat veg, Jordsengvegen.
Fagleg vurdering		Lesja kommune er positive for å sjå på moglegheita for å endre plassering. Endra plassering vil betre forholda for bekkene. Ein vurderer at ein kan gå vidare med deler av området som ikkje ligg på dyrka/dyrkbar jord.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å endre dagens formål til fritidsbusetnad. Ynskjer at arealet blir nytta til 6-8 bueiningar for utleie. Ca. 1,3 dekar.		Nyheim, Bjorli
Innspel nr. 4	Hilde Anne Bakken, Åge Paulsrud	Gnr/bnr. 2/16
		
Planstatus	LNFR-område i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Arealet ligg i aktsemdskart for snøskred og aktsemdsområde for jord- og flaumskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen ligg inntil Fjelldronningvegen.	
Fagleg vurdering	Det er ønske om etablering av 6-8 bueiningar knytt til utleie. Arealet ligg inntil eksisterande hytteområde, og nært etablert infrastruktur. Innspelet kjem ikkje i konflikt med silingskriterier, men ein må vurdere samfunnsfaren sidan det ligg i faresone for jord-, flaum- og snøskred.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å endre formål til fritidsbusetnad. Ca. 3,8 dekar.		Bjorli låve
Innspel nr. 5	Media1 Molde AS	Gnr/bnr. 2/50 (2/1720)
		
Planstatus	LNFR – område i reguleringsplan for Bjorli låve	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Arealet består av fulldyrka jord.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Foreslått areal ligg inntil skiløype.	
Faresone	Vestre del av eigedomen ligg i aktsemdsområde for flaum. Heile eigedomen ligg i aktsemdskart for snøskred S2 og S3.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen ligg inntil kommunal veg, Liarbergvegen og offentlig vatn og avlaup.	
Fagleg vurdering	Innspelet kjem i konflikt med naturfarar og dyrka mark. Området kan være viktig som bufferområde for vatn og fordrøying av overvatn. Det er viktig å bevare og sette av areal til grønne lunger.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til jordvern og naturfare. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Innspelet gjeld restareala av innmarka. Arealet på sydvestsida av skiløypa som i dag er disponert til landbruk anmodes vurdert endra til byggeområde. Størrelse og bonitet på arealet gjer utnytting til landbruksformål lite aktuelt. Ca. 3,2 dekar		Bjorli låve
Innspel nr. 6	Stein Tomren	Gnr/bnr. 2/50 (2/1720)
		
Planstatus	LNFR – område i reguleringsplan for Bjorli låve	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Arealet består av fulldyrka jord og produktiv skog.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Foreslått areal ligg inntil skiløype.	
Faresone	Vestre del av eigedomen ligg i aktsemdsområde for flaum. Heile eigedomen ligg i aktsemdskart for snøskred S2 og S3.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen ligg inntil kommunal veg, Liarbergvegen og offentlig vatn og avlaup.	
Fagleg vurdering	Innspelet kjem i konflikt med naturfarar og dyrka mark. Området kan være viktig som bufferområde for vatn og fordroying av overvatn. Det er viktig å bevare og sette av areal til grønne lunger.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til jordvern og naturfare. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer gangveg langs Skriuvegen frå sentrum og opp til krysset ved Liarbergvegen. Ca 800 meter Ønsker sentrumsplan for Bjorli, vidareføre Bjorli bustadfelt med same plan for tomter og utnyttingsgrad, og tilretteleggje skiløyper.		Bjorli
Innspel nr. 7	Snauskriu hytteforening	Gnr/bnr.
		
Planstatus	Ynskja gangveg går over fleire reguleringsplanar.	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Det går ein bekk langs med Skriuvegen (øvrste del av den raude linja i kartfigur).	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Merka fotrute og skiløype kryssar Skriuvegen.	
Faresone	Skriuvegen ligg i aktsemdsområde for flaum, og delar av vegen ligg i aktsemdskart for snøskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Gang- og sykkelvegen vil ligge nært på eigedomsgrenser, ein bør vurdere forflytting.	
Fagleg vurdering	Lesja kommune er ein trafikkssikker kommune og ynskjer å leggje til rette for mjuke trafikantar. Ein bør vurdere lengda på gangvegen. Når det gjeld sentrumsplanen er ikkje dette noko som blir følgt opp i arbeidet med kommuneplanens arealdel.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å endre område som lagt ut til næring i gjeldande kommuneplan til område for fritidsbusetnad. Det gjeld ca 38, 3 dekar på 2/137 og 16,4 dekar på 2/179.		Bjorli
Innspel nr. 8	Wenaasgruppen AS	Gnr/bnr. 2/137, 2/179
		
Planstatus	2/137 – område for fritidsbusetnad i reguleringsplan for Bjorlivegen hytter og leilighetsbygg. 2/179 – næringsvirksbusetnad i kommuneplanens arealdel.	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	GID 2/137 og 2/179 ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Innspelet gjeld å endre frå næring til fritid. GID 2/179 er det siste ubebygde og uregulerte feltet langs Bjorlivegen.	
Fagleg vurdering	GID 2/137 er detaljregulert ved reguleringsplan <i>Bjorlivegen hytter og leilighetsbygg</i> , [planID 34320168]. GID 2/179 Formannskapet har hatt prinsippavklaring for endring av arealformålet, og oppretthaldt arealet til næring. Det vises til planprogram for kommuneplanens arealdel kap 5.2 der det står at det ikkje skal etablerast fritidsbustad på eksisterande næringsareal, og kap 5.3 der det står at det ikkje er ynskjeleg å omdisponere næring til fritid.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ber om at område som ligg mellom to reguleringsplanar kan disponerast til fritidsformål. Ca 6 daa		Vetlegrenda, Bjorli
Innspel nr. 9	Edin Rånå	Gnr/bnr. 2/627
		
Planstatus	Næringsvirkbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag sør-øst på eigedomen.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Arealet ligg i aktsemdsområde for flaum med fleire usikra punkt.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Arealet ligg inntil reguleringsplan for Vetlegrenda og Bjorli friluftspark.	
Fagleg vurdering	Arealet ligger i område som er aktsemd for flaum, det er usikkert kva delar av område som kan byggjast ut. Deler av området må brukas til flaumtiltak. Ein må greie ut flaum grundig i ei konsekvensutgreiing. Det vises til planprogram for kommuneplanens arealdel kap 5.2 der det står at det ikkje skal etablerast fritidsbustad på eksisterande næringsareal, og kap 5.3 der det står at det ikkje er ynskjeleg å omdisponere næring til fritid.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Utvikling av område mellom Bøvra og Bjorli skisenter og området vest for Bøvra.		Bjorli
Innspel nr. 10	Bjorlitoppen Utvikling AS	Gnr/bnr.
		
Planstatus	Vest for Bøvra: LNFR og skiløype i reguleringsplan for Bjorli. Mellom Bøvra og Bjorli skisenter: ulike arealformål i reguleringsplan for Bjorli	
Eksisterende busetnad		
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag	Det er fleire vassdrag i området.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Fleire merka fotrute og skiløypar i området.	
Faresone	Områda ligg i aktsemdskart for steinsprang, jord- og flaumskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		
Fagleg vurdering	Område er regulert i Bjorli områdereguleringsplan, [planID 34320158]. Innspelet kan takast ut i si heilheit.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i at område er nylig regulert i Bjorli områdereguleringsplan.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ber om at område i "Bjorlikrusen" blir omregulert frå LNFR til fritidsbusetnad. Ca. 129 dekar.		Bjorli
Innspel nr. 11	John Bjorli, Laila Brøste, Asbjørn Velure	Gnr/bnr. 2/10, 2/11
		
Planstatus		LNFR-område i kommuneplanens arealdel.
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Det er fleire vassdrag gjennom området.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Arealet ligg midt inne i Bjorli alpinanlegg.	
Faresone	Området ligg i aktsemdskart for snøskred, steinsprang-, jord- og flomskred og aktsemdsområde for flaum langs bekkeløp.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er ikkje adkomst til området, og eventuell adkomst vil føre til mange kryssingar over bekkeløp og skitrasear.	
Fagleg vurdering	Store delar av området er i fareområde for snø- og jordskred, samt aktsemd for flaum langs bekkeløp. For å komme seg til område må ein krysse alpint område. Dersom kommunestyret vel å gå vidare med innspelet må det setjast av ekstra midlar til utgreiingar og ein må kunne forvente at det stilles krav til eksisterande infrastruktur. Dersom det skal tas med vidare må tiltakshavar vise til vegadkomst.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til naturfare. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		

Innspel: Ynskjer at areal tilbakeførast frå fritisbebyggele til LNFR. Ca. 0,8 dekar.		Kongelberget, Bjorli
Innspel nr. 12	Harald og Gry Nordal	Gnr/bnr. 2/44
		
Planstatus		Fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Store deler av arealet består av myr, og er eit fuktig område
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Nei
Faresone		Området ligg i aktsemdskart for snøskred.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Området grenser til reguleringsplan for Bjorlia hyttefelt sør, Skriuteigen og Kongelberget H49 og H50. Dette er bebygde hyttefelt med infrastruktur, men arealet som er spelt inn har ikkje sikra adkomst.
Fagleg vurdering		Arealet består av myr og er eit fuktig område. Lesja kommune er positive til å tilbakeføre til LNFR.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		


Innspel: Ein betydeleg del av eigedomen er allereie godkjent som fritidsareal og nytta som hytteutbygging. Det er naturleg i framtida å vurdere likens for gjenstående del		Kongelberget, Bjorli
Innspel nr. 13	Anett Svanemyr	Gnr/bnr. 2/44
		
Planstatus	Fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Store deler av arealet består av myr, og er eit fuktig område	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Området ligg i aktsemdskart for snøskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Området grenser til reguleringsplan for Bjorlia hyttefelt sør, Skriuteigen og Kongelberget H49 og H50. Dette er bebygde hyttefelt med infrastruktur Kommunen kjenner ikkje til at det føreliggjer avtale om adkomst, og dette er derfor ikkje sikra.	
Fagleg vurdering	Området består av myr og er eit fuktig område. Myra er vårt viktigaste naturlege flaumvern, og den er leveområde for viktig biologisk mangfald. Lesja kommune ynskjer å redusere nedbygging av myr, og er eit av silingskriteriane når ein skal vurdere kva for innspel som skal gå vidare til ei konsekvensutgreiing.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til myr. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å avsetja et område til fritidsbusetnad. Ynskja avkjørsel frå Guståsvegen. Ca. 15 dekar		Holo, Bjorli
Innspel nr. 14	Plankontoret på vegne av June Aaram Vestavik	Gnr/bnr. 5/3
		
Planstatus	LNFR-område i reguleringsplan for Nordre Morken	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Eigedomen grensar til GID 2/17 som består av innmarksbeite. Området er bratt med synleg fjellgrunn. Sør-aust på eigedomen er det registrert grunn myr.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag nord på eigedomen.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Vest på eigedomen er det registrert arkeologiske kulturminne frå 1700-talet som består av eit kullframstillingsanlegg. Kulturminna er ikkje verna.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Det går skiløype på oversida av området.	
Faresone	Deler av området ligg i aktsemdskart for snøskred S2 og S3	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Arealet ligg inntil reguleringsplan for Guståsen med eksisterande busetnad. Vatn og avlaup må gjerast greie for meir i KU.	
Fagleg vurdering	Det er ingen store interessekonfliktar i området. Forslaget vil i praksis vere ei utviding av eksisterande hyttefelt. Det er teknisk infrastruktur i området. Området er bratt og det kan bli utfordrande å få til gode tomter.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: område for framtidig bustadbusetnad. Det aktuelle området kan reknast som ei utviding av det eksisterande bustadområdet. Ca. 12 dekar		Ljosmyre, Bjorli
Innspel nr. 15	Norconsult på vegne av Ole T. Johannesen	Gnr/bnr. 2/93, 2/55
		
Planstatus	LNFR-område i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Deler av området består av myr og fuktig grunn.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Det er registrert skiløype som går der om vinteren. Området blir elles brukt som turområde i barmark sesongen, og det er fleire stiar der.	
Faresone	Arealet sør-vest ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Arealet ligg ved eksisterande bustadfelt, og har etablert infrastruktur (veg, vatn og avløp). Området er sentrumsnært og er einaste bustadområde på Bjorli.	
Fagleg vurdering	Det er aktuelt å gå vidare med deler av område som ikkje ligger i eller tett på myr. Arealet ligg inntil etablert bustadområde og nært etablert infrastruktur.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Ytrar behov for fellesareal i sentrum for lek og aktivitet. Areal bak Bjorligard går tapt. Friluftsparken må utviklast, men for langt frå sentrum? Kva med område ved Ruggen?		Bjorli
Innspel nr. 16	Grendemøte for Rånå og Bjorli	Gnr/bnr.
		
Planstatus		Detaljregulert (fleire planer)
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Gang- og sykkelveg
Faresone		Aktsemdsområde for flaum, gul støysone frå E136
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Sentrumsnært
Fagleg vurdering		Område ved Ruggen er detaljregulert ved reguleringsplan E136 rundkjøring på Bjorli, [planID 05120107]. Grendelaget i gang med realisering av Bjorli aktivitetspark. Det kan vere aktuelt å sette av areal til vidare utvikling av Bjorli aktivitetspark som til dømes grønt areal.


Fagleg anbefaling	Lesja kommune er positive til at det settast av tilstrekkeleg grøntareal i sentrumsområdet, og Bjorli aktivitetspark. Kommuneplanen legger ikkje opp til å oppheve detaljreguleringar i sentrum. Ved eventuell revidering av detaljreguleringar vil ein sette føring for at det inkluderast areal til grønt område. Dette sikrast ved at ein legger inn generell føresegn i kommuneplanen som sikrar grønt areal i sentrumsområdet. Grøntareal vil vere viktig for drenering og fordrøyning av overvatn.
K.styremøte dato	

Innspel: Spørsmål om utnyttning av eiendom. Er open for å diskutere mogleg utnyttning av denne sentrale tomte, og heile eiendommen er også til sals viss det skulle vore eit aktuelt tema.		Sentrum, Bjorli
Innspel nr. 17	Hans Ove Holmøy	Gnr/bnr. 2/816
		
Planstatus	Avsett til forretningsverksemd i reguleringsplan for Bjorli Sentrum Øst	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Eigedomen ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Ja	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Nei	
Fagleg vurdering	Ikkje relevant for arbeidet med kommuneplanens arealdel. Lesja kommune har hatt møte med Hans Ove Holmøy etter innspelet kom inn. Bygget er regulert og brukt til næring i dag. Innspelet er ikkje aktuelt i dag.	
Fagleg anbefaling	Den anbefalast å sile ut innspelet på bakgrunn av at temaet ikkje er relevant for kommuneplanens arealdel.	
K.styremøte dato		

Innspel: Leggje til rette for bustadbygging. Rånå har mange moglegheiter for både bustadfelt og enkelttomter.		Rånå, Bjorli
Innspel nr. 18	Rånå utmarkslag v/ Eivind Bakken	Gnr/bnr.
		
Skisse laga av Lesja kommune		
Planstatus		LNFR-område i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Pilegrimsleden går i området	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Vilttrekk, tur- og langrennsløype i nærområdet	
Faresone	Bekkeløp med aktsemd for flaum i deler av området	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup i området. Området har adkomst frå fylkesveg.	
Fagleg vurdering	I gjeldande kommuneplanens arealdel er det avsett eit område til framtidig bustadbusetnad. Lesja kommune vurderer at det er tilstrekkeleg med areal til bustad i området, og at det ikkje er behov for fleire tomtar.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet siles ut med bakgrunn i behovet for bustadtomter. Dette vil si at innspelet ikkje blir konsekvensutgreia.	
K.styremøte dato		

Innspel: Forslag til tomt til miljøstasjon for Bjorli. 16,5 daa		Bjorli
Innspel nr. 19	June Vestavik	Gnr/bnr. 3/87
		
Planstatus	Kombinert busetnad og anleggsformål i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Avrenning til Rauma vassdrag.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Tur- og friluftsrute langs Brekkelivegen	
Faresone	Deler av området ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen har adkomst frå Brekkelivegen.	
Fagleg vurdering	Arealet er allereie avsatt til kombinert busetnad og anleggsformål i kommuneplanens arealdel. Før ein tek i bruk området må ein detaljregulere fyrst.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i at det allereie ligg inne i eksisterande kommuneplanens arealdel.	
K.styremøte dato		


Innspel: Ynskjer å etablere ein offentlig rasteplass ved innkøringa til Lesjaskogsvatnet camping. Det bør leggst opp til felles innkøring til rasteplassen og campingplassen. På rasteplassen bør det setjast opp informasjonstavle med opplysningar om serverdigheter. Rasteplassen vil ligge nær transformatoren som er plassert på campingplassen og det vil vere gunstig for etablering av hurtiglading på rasteplassen. Ca. 3 dekar		Lesjaskogsvatnet
Innspel nr. 20 A	Arnfinn J Holten/Lesjaskogsvatnet camping	Gnr/bnr. 17/20
		
Planstatus		Fritids- og turistformål i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Vassdrag som ligg på eigedomsgrensa mellom 17/20 og 14/1 og 15/1.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Nei
Faresone		Eigedomen ligg i aktsemdsområde for flaum. Ynskja rasteplass ligg i gul og raud støysone for E136.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Rasteplass og adkomst må avklarast med Statens vegvesen.
Fagleg vurdering		Lesja kommune er positive til etablering av rasteplass.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		

Innspel: Vestre del av campingplassen er ikkje kome med i markeringane på nåverande kart og markeringane går for langt i austleg retning. I revidert forslag har vi med gult teikna inn formålet kombinert campingutleige og fritidsbusetnad. Me har auka arealet litt mot nord på nordsida av vegen som går opp til stormoen. Med blått er teikna inn campingareal/næringsareal. Med grønt er det teikna inn areal ved stranda til fritidsformål. På dei to andre områda er det opplegg for båtplassar og andre fritidsformål.		Lesjaskogvatnet
Innspel nr. 20 B	Arnfinn J Holten/Lesjaskogsvatnet camping	Gnr/bnr. 16/41, 16/1, 16/23
		
Planstatus	Fritids- og turistformål / kombinert busetnad og anleggsformål i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Lesjaskogsvatnet camping ligg inntil Lesjaskogsvatnet.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nord-øst på eigedom 16/40 ligg et kolframstillingsanlegg, utan vern. Minnet består av ei sirkulær kolmile og ei tuft knytt til milebrenning.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Stranda brukast som badeområde og båtplasser.	
Faresone	Eigedom 16/40 og 16/1 ligg i gul og raud støysone for E136. 16/41, 16/1 og delar av 16/40 ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn		
Fagleg vurdering	Lesja kommune er positive til at GID 16/1 langs Lesjaskogsvatnet utvidast til friluftsområde. Friluftsområdet skal være offentleg tilgjengeleg.. Lesja kommune er open for å endre areal til Lesjaskog camping. Areal aust for Lesjaskogsvatnet camping GID 16/1	


	tilbakeførast til LNFR medan ein utvidar arealformålet til campingplassen i vest på GID 17/20.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast
K.styremøte dato	


Innspel: Ynskjer å etablere turveg frå Lesjaskogsvatnet camping til Dambrua. Det dreier seg om ein trasè på ca. 2 meter i bredde som bør opparbeides på denne strekninga og gruses. Om vinteren bør det vere skiløype der.		Lesjaskogsvatnet
Innspel nr. 21	Lesjaskogsvatnet camping	Gnr/bnr. 11/24, 12/5, 13/1, 13/2, 15/1, 17/18
Planstatus	LNFR-område i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snau fjell, skogsmark, myr	Våtmarksområde langs traseen.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Byggeforbod frå Lesjaskogsvatnet.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Våtmarksområde med rikt naturmangfald.	
Faresone	Aktsmed for flaum, delar av trasen ligger i støysone frå E136.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Nært Lesjaskog skule, bustadfelt og sentrum.	


Fagleg vurdering	Turvegar er i tråd med LNFR arealformålet. Innspelet kan leggjast inn i kommuneplanen for å ivareta ferdsel, Tiltak som kryssar våtmark og myr må tilpassast. Bane NOR har satt i gang eit prosjekt for å stenge fleire planovergangar i området. Dette vil føre til at innspill til trase vert forkorta.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato	


Innspel: Ber om at Lesja kommune tek ut Grøna grunnvannsområde frå kommuneplan. Med området bandlagt som grunnvannsforsyning og skytebane foreslått stengt, fekk vi etterkvart problem med å få forlenga leigeavtale med grunneigarane. I 2016 var det slutt, og skytebane vart stengt. I 2017 bygde Lesja kommune røyrgate for vatten og kloakk vestover frå Lesjaskog og kobla seg på vassverket på Øygardsmoen. Grøna grunnvannsområde vart ikkje tatt i bruk, og vil heller ikkje bli tatt i bruk av Lesja kommune. Ca 340 daa		Lesjaskog
Innspel nr. 22	Lesjaskog skytterlag v/ Eirik Sæther	Gnr/bnr. 11/2, 10/1, 10/4, 9/1
		
Planstatus	LNFR (grunnvannsområde) i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Ein del av arealet nord på figuren består av fulldyrka jord.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Heile arealet i kartfiguren er område for grunnvannsforsyning i kommuneplanens arealdel.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Det er registrert fleire fjernmålte kulturminne i området. Punktfestinga av kulturminna er basert på strukturar på fjernmålingsdata, som f.eks LIDAR. Strukturane kan sjåast som automatisk freda etter kulturminnelova, før anna er påvist.	
Mineralressursar	Det er påvist betydeleg grunnvannsressurs i det aktuelle området.	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Deler av området ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Beredskapsressurs for vassforsyning. Det er to vassdrag i området, Rauma og Grøna, som gir eit stabilt vassnivå i store delar av året.	
Fagleg vurdering	Kommuner skal sørge for at folk har tilgang til trygt drikkevatt, og området er derfor ein viktig beredskapsressurs å bevare intakt.	


Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til å ta vare på grunnsvannsområde som ein beredskapsressurs. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	


Innspel: Ynskjer at teig av eigedom 14/1 takast inn i kommuneplanen som næringsareal. Mogleg også deler av teigen 13/2 Sørskotte også kunne vore lagt med, utan å vite korleis grunneigar stillar seg til det. Ca. 11 dekar		Lesjaskog
Innspel nr. 23	Eirik Sæther	Gnr/bnr. 14/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Eigedom 14/1 og 13/2 ligg innanfor byggegrense 60 m for Lesjaskogsvatnet. På eigedomsgrensa mellom 14/1 og 17/20 renn det ein bekk.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Eigedomane ligg i aktsemdsområde for flaum	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Området ligg i raud og gul støysone for E136. Raumabanen går sør for eigedomane, og ein må vere obs på at det ligg byggegrense knytt til denne. Adkomst vil vere frå E136, og ein må derfor avklare med Statens vegvesen. Hovudledning for vatn og avlaup går langs med gang- og sykkelveg ved E136.	
Fagleg vurdering	Lesja kommune er positive til utviding av eksisterande næringsareal.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast	
K.styremøte dato		

Innspel: Forslag til bustadområde. Ca. 45 dekar		Lesjaskog
Innspel nr. 24 A	Eirik Sæther	Gnr/bnr. 12/3, 12/1, 11/1
		
Planstatus		Framtidig bustadbusetnad / nåværande bustadbusetnad / fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nord-aust på eigedom 12/3 er det registrert djup myr.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Det er registrert eit fjernmålte kulturminne i området. Punktfestinga av kulturminna er basert på strukturar på fjernmålingsdata, som f.eks LIDAR. Strukturane kan sjåast som automatisk freda etter kulturminnelova, før anna er påvist.
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Skiløype i området
Faresone		Området heilt sør-vest på arealfiguren ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Området ligg sentrumsnært og i nærleiken av Lesjaskog skule.
Fagleg vurdering		Delar av GID 12/1 og 12/3 ligger i kommuneplanen til arealformål bustad notid og framtidig. Lesja kommune er positivt til vidare føring av bustadformålet. GID 11/1 ligger i kommuneplanen til fritidsformål. Det er mykje areal avsett til bustadformål, ein vurder dermed at det ikkje er behov for dette arealet også.
Fagleg anbefaling		Det som ligg inne i gjeldande kommuneplanens arealdel som framtidig bustadbusetnad vidareførast i ny arealdel. Innspelet siles ut i si heilheit.
K.styremøte dato		


Innspel: Forslag til bustadområde. Ca. 100 dekar		Lesjaskog
Innspel nr. 24 B	Eirik Sæther	Gnr/bnr. 9/6
		
Planstatus	LNFR / framtidig næringsvirksbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Eigedomen ligg innanfor område med verneskog.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Eigedomen 9/6 grensar til Mølsmåe. Krossbekken renn vest på eigedomen.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Arealet ligg inntil Lesjaskog kyrkje datert 1695. Kyrkja er listeført som vil si at den er definert som verneverdig og har nasjonal verdi. Sør-vest på eigedomen er det registrert fleire fjernmålte kulturminne i området. Punktfestinga av kulturminna er basert på strukturar på fjernmålingsdata, som f.eks LIDAR. Strukturane kan sjåast som automatisk freda etter kulturminnelova, før anna er påvist.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Nei	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Trase for teknisk infrastruktur	
Fagleg vurdering	Lesja kommune er positive for oppretting av areal til bustadformål, område er relativt flatt og nært Lesjaskog sentrum. Kyrkja si kulturminneverdi vil ikkje bli redusert dersom ein tek nødvendige omsyn i forbindelse med planlegging av området.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast	
K.styremøte dato		

Innspel: Forslag til næringsområde. Ca. 168 dekar.		Lesjaskog
Innspel nr. 24 C	Eirik Sæther	Gnr/bnr. 17/4, 17/3, 17/1, 17/5, 17/6, 17/8, 19/5, 16/1, 20/1
 		
Planstatus		LNFR-område i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Vassdrag midt i området, denne ligg med buffersone. Bekken er flaumkartlagt i forbindelse med reguleringsplan. Det er viktig å ta omsyn til bekken og bevare denne.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Merka fotrute langs Brandlistuguvegen, som grensar til arealet.
Faresone		Området ligg i gul og raud støysone for E 136. Deler av arealet ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Avkøyring frå E136
Fagleg vurdering		Lesja kommune er positive for utviding av eksisterande næringsareal. Delar av arealet er detaljregulert ved Aaheim næringsareal, [planID 34320161] . Det er naturleg å utvide næringsarealet frå vest til aust, og halde seg på ei side av bekken. Ein må vurdere størrelsen på arealet og kor mykje næringsareal ein har bruk for i ei konsekvensutgreiing.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		



Innspel: Ynskjer at elveløpet i Grøna nord for Grønfossen til der Grøna renn saman med Rauma blir omdisponert for grusuttak. Uttransport vil skje periodevis og er tenkt skal gå vestover langs Rauma over Kvislebrua, med vakt ved planovergangen. Grusen vil bli lagret nord for E136 på eigedom 7/1.		Lesjaskog
Innspel nr. 25	Grøna sameige ved Frank Mølmen, Håvard Torsgård, Tronn Myren, Ola-Erik/Hill-May Mølmen, Arild Mølmshaug	Gnr/bnr. 11/80
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Delar av området, GID 8/1, er fulldyrka jord. På GID 7/1 ligg det djup myr.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Byggegrense til vann- og vassdrag langs Rauma- og Grøna elv. Rauma elv er eit verna vassdrag.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Grøne er ei masseførande elv, og det er oppsamla ressursar i elva som det er ynskja å ta ut.	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Mykje brukt natur- og friluftsområde. Generelt er vassdrag og kantsoner områder med rikt naturmangfald. Masseførande vassdrag kan vere godt eigna som gyteområde for fisk.	
Faresone	Området ligg i aktsemdsområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Adkomst er forespeila å krysse bru og planovergang til E136. Det bør vurderast alternative adkomst frå for eksempel Brekkelivegen. Kommunen kan ikkje legge ut område utan adkomst.	
Fagleg vurdering	Vassdraget er masseførande og Lesja kommune er positive til at ein brukar ressursane. Område må detaljregulerast før det kan takast i bruk samt konsesjon frå mineral direktoratet.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Foreslår at heile eller deler av området mellom Høggholen og Bryggen Hyttegrend blir fritidsområde.		Lesjaskogsvatnet
Innspel nr. 26	Atle Einbu Teigen	Gnr/bnr. 18/1, 17/8, 17/1, 17/6, 17/5, 17/3, 17/1016/2
		
Planstatus		LNFR-område i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Myr finnes i området rundt Høggholen.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag		Området ligg innanfor byggeforbodszone 60 m frå Lesjaskogsvatnet. Det går eit vassdrag øst for Kuodden som renn ut i Lesjaskogsvatnet.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Trekk til hjortevilt som kryssar Lesjaskogsvatnet.
Faresone		Området ligg innanfor raud og gul støysone for E136. Delar av området ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei


Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er eksisterande vegstruktur i områder til hytter og hyttefelt. Den privatrettslege bruken av veg må avklarast. Det er ikkje kommunalt vatn og avløp i området.
Fagleg vurdering	Nedbygging av myrområder er ikkje i tråd med overordna retningslinjer, ein foreslår å avgrense innspelt område. Lesja kommune er open for fritidsformål langs Bryggen vegen i vestleg retning frå Bryggen hyttefelt utanfor byggeforbodsone (60m frå vatnet). Ved vurdering av området må ein ta omsyn til nasjonale føringar som gjeld å unngå privatisering av strandsone, og sikre adkomst til allmenheten for friluftsområde. Ein må sjå på moglegheita for å nytte eksisterande infrastruktur. Adkomst må sjåast i samanheng med Bane NOR sin pågåande reguleringsplan for planovergangar.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at delar av innspelet takast vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	


Innspel: Planlegge gang- og sykkelveg langs kommunal veg mot Skottåe og Lesjaskog skule.		Lesjaskog
Sanering av planovergangar og bygging av parallellveg vil opne for utbygging av hyttefelt ved Lesjaskogsvatnet.		
Innspel nr. 27	Grendemøte Lesjaskog	Gnr/bnr.
		
Planstatus		Kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		LNFR
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Området innehar fulldyrka jord.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Elva Skottåe ligg aust for Lesjaskog skule.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Skiløype i området.
Faresone		Området ligg i aktsemdsområde for flaum. Deler av området ligg i gul eller raud støysone for E136.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		
Fagleg vurdering		Dette er iverksett og det pågår ein detaljreguleringsprosess. Denne er forventa å vere ferdig før kommuneplanens arealdel. Bane NOR har iverksett arbeid med fjerning av


	planovergangar og oppretting av parallell veg. Dette er ein prosess som går utanfor arbeidet med kommuneplanens arealdel. Lesja kommune har fått inn konkrete innspel på hyttefelt langs Lesjaskogsvatnet som blir vurdert.
Fagleg anbefaling	Innspelet blir ikkje konkret vidare med til konsekvensutgreiing, men blir ivaretatt gjennom egen reguleringssak, og andre innspel til kommuneplanens arealdel.
K.styremøte dato	


Innspel: Ynskjer å sjå på moglegheita for å avsetja areal til løypetrase frå Bjorli til Lesjaverk på begge sider av dalføret.		Lesjaskog
Innspel nr. 28	Lesjaskog IL	Gnr/bnr.
		
<i>Lilla markering som visar kobling av løypenettet Bjorli og Lesjaskog på solsida. Kartinnspelet mottatt i arbeide med friluftslivets ferdselsårer.</i>		
		
<i>Lilla markering som visar kobling av løypenettet Bjorli og Lesjaskog på sørsida. Kart innspelet mottatt i arbeide med friluftslivets ferdselsårer.</i>		
Planstatus		LNF i Kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Enkelte delar av traseen går gjennom dyrka mark, våtmarksområde, og skog med høg bonitet.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		I byggeforbodssone til elvane Grøna og Rauma.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Traseen går gjennom eit stort område, og vil på enkelte punkt krysse vassdrag og våtmarksområde.


	Trassen vil krysse vilttrekkruter.
Faresone	Traseen vil krysse fleire aktsemdsområde for flaum og skred.
Innspelet gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	I arbeidet med friluftslivets ferdselsårer vart det sett på utvikling av eksisterande løypetrase. Dette arbeidet i forespeila område vart avslutta grunna det ikkje var samtykke frå samtlege grunneigarar i område (mange grunneigarar).
Fagleg vurdering	Lesja kommune er positiv til dette. I tidlegare forsøk har dette vorte stoppa ved at ein ikkje har samtykke frå grunneigarar. Lesja kommune meiner det må føreligge samtykke frå grunneigarar før ein brukar tid og ressursar vidare på eit slikt prosjekt.
Fagleg anbefaling	Det føreligger ikkje samtykke frå røypte grunneigarar. Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i at det er lange traseer som omfattar mange grunneigarar og eit omfattande arbeid å greie ut. Det føreligger ikkje samtykke frå røypte grunneigarar.
K.styremøte dato	

Innspel: Halve teigen er avsett til fritidsbusetnad, resten som er LNFR skulle òg vore avsett til fritidsbusetnad. Ca 13 dekar.		Lesjaskogsvatnet
Innspel nr. 29	Ola Erik Myren	Gnr/bnr. 35/2
		
Planstatus		Fritidsbusetnad / LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Eigedomen ligg innanfor byggeforbodssone på 60 meter til Lesjaskogsvatnet.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nord-vest på teigen er det lokalisert to fangstgroper som ligg med 13 meters mellomrom. Gropene er vurdert som truleg skytestillingar frå 2. verdskrig. Fangstlokaliteten er utan vern.
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Trekk til hjortevilt til/frå Lesjaskogsvatnet.
Faresone		Deler av eigedomen ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Deler av området ligg innanfor gul støysone for E136
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Teigen ligg nær jernbaneline.
Fagleg vurdering		Lesja kommune er open for fritidsformål mellom hyttefelta Gamle kongeveg og Stensrud utanfor byggeforbodsona (60m frå vatnet). Området har tidlegare vært vurdert i forbindelse med kommunedelplan, og vart ikkje tatt med som utbyggingsområde pga. viktig område for vilt. Deler av teigen som er avsett til fritid er ikkje bygd ut. Terrenget er bratt, og det vil vere vanskeleg å finne gode tomter.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast å sile ut innspelet. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato		


Innspel: Foreslår at skogteig på eigedom 38/1 avsetjast til hytteområde med inntil 25 hytter, og at det i tilknytning til dette setjast av areal for ein vegtrasè frå Ansethvegen og østover. (55 dekar)		Anset, Lesjaverk
Innspel nr. 30	Per Michael Thøring	Gnr/bnr. 38/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag gjennom teigen.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nord-aust på eigedomen ligg det eit SEFRAK-registrert bygg som er meldepliktig iht Kulturminnelova § 25.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Merka fotrute som går etter traktorveg mellom teigane 38/1 og 37/5, og opp til Torsplassdroge.	
Faresone	Ein liten del av teigen heilt nord-aust ligg i aktsemdsområde for flaum og jord- og flomskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen har berre adkomst til landbruksformål. Det må føreligge bruksrett til nytt formål før det leggjast ut som byggeområde i kommuneplanens arealdel. Det er kommunalt VA i nærleik til området.	
Fagleg vurdering	Det er ikkje sikra adkomst til område. Området er bratt, og det vil bli ei utfordring å finne gode tomter. Som ei følgje av dette vil det også bli få tomter. Vest for området ligg det store tomtereserver, på nedsida av Dosethvegen, i gjeldande kommuneplanens arealdel. Sidan tomtereserven i området er såpass stor, er det vanskeleg å sjå behovet for å regulere inn fleire tomter.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i at eigedomen ikkje har sikra adkomst og at det er tomtereserver i området. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		

Innspel: Ynskjer å få regulert inn hyttetomt. Ca. 0,5 dekar.		Kolbotn, Lesjaverk
Innspel nr. 31	Morten Kåre Sanden	Gnr/bnr. 37/4
		
Planstatus		LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Hyttetomta som er ynskja regulert inn ligg inntil dyrka jord.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Kolbotn-vegen blir brukt som sykkelrute og fotrute.	
Faresone	Deler av eigedomen ligg i gul støysone for E136.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Ja	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Eigedomen ligg sentrumsnært, og i nærleiken av Lesjaverk stasjon.	
Fagleg vurdering	Innspel som gjeld enkelttomter vert ikkje vurdert jf silingskriterier.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet på bakgrunn av silingskriteriane. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		

Innspel: Ynskjer at området eller deler av områder setjast av til fritidsbusetnad. Ca. 60 dekar		Dosethlie, Lesjaverk
Innspel nr. 32	Per Nordsletten m.fl.	Gnr/bnr. 35/1, 34/8, 34/1, 35/2
		
Planstatus	LNFR / fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Deler av området består av innmarksbeite og fulldyrka jord.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Fleire vassdrag i området med buffersone 20 meter.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Skiløype og tur- og friluftsrute i området.	
Faresone	Fleire vassdrag i området med buffersone 20 meter.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup i området.	
Fagleg vurdering	Området er bratt, og det vil bli ei utfordring å finne gode tomter. Som ei følgje av dette vil det også bli få tomter. Det er fortsatt tilgjengelege tomter på nedsida av Dosethvegen. Sør-aust for området ligg det store tomtereserver i gjeldande kommuneplanens arealdel. Disse er ikkje bygd ut, og dei ligg nærare kommunalt vatn og avlaup enn det arealet som er spilt inn. Sidan tomtereserven i området er såpass stor, er det vanskeleg å sjå behovet for å regulere inn fleire tomter.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet på bakgrunn av høg tomtereserve i området. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Tilretteleggje for næringseigedommar på solsida av E136 (Knipstugumorken og Sandmorken).		Lesjaverk
Innspel nr. 33	Lesjaverk grendeutvalg	Gnr/bnr.
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Fleire vassdrag i området.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Det er gjort funn av krigsminne innanfor området, bombekrater frå 2. verdskrig. Dette er ikkje eit freda kulturminne.	
Mineralressursar	Naturstein	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Trek til hjortevilt til/frå Lesjaskogsvatnet. Ved vassdraget vest for Kvennbekken, Dosethlite S 1, er det registrert flaumskogsmark. Litt ovanfor området går det ei tur- og friluftsrute langs ein skogsbilveg, som nyttast som skiløype vinterstid.	
Faresone	Området ligg i gul og raud støysone for E136. Området heilt vest ligg i aktsemdsområde for jord- og flaumskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det har nyleg vort ein planprosess for detaljregulering av fjelluttak i område som vart trekt av forslagsstillar etter eit stort engasjement i nærmiljøet frå fritidsbuarar og fastbuande.	
Fagleg vurdering	I deler av området har det vort ein planprosess for detaljregulering av fjelluttak. I høyring til planprogram for fjelluttak var det eit stort engasjement med mange	


	innspel. Det var 39 stykk negative innspel, og forslagsstillar valte å trekke planprosessen. Det er massereserver i eksisterande masseuttak.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet i lys av detaljreguleringsprosess i området, og det er ikkje eit klart behov for eit stort næringsområde her. Dette vil sei at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	


Innspel: Foreslår området nord for E136 og aust for Søre Knipa blir vurdert til råstoffuttak.		Lesjaverk
Innspel nr. 34	Torgeir Nordgård	Gnr/bnr. 33/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Naturstein	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Trekk til hjortevilt til/frå Lesjaskogsvatnet. Litt overfor området går det ei tur- og friluftsrute langs ein skogsbilveg, som nyttast som skiløype vinterstid.	
Faresone	Området ligg i gul og raud støysone for E136.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det har nyleg vort ein planprosess for detaljregulering av fjelluttak i område som vart trekt av forslagsstillar etter eit stort engasjement i nærmiljøet frå fritidsbuarar og fastbuande.	
Fagleg vurdering	I deler av området har det vort ein planprosess for detaljregulering av fjelluttak. I høyring til planprogram for fjelluttak var det eit stort engasjement med mange innspel. Det var 39 stykk negative innspel, og forslagsstillar valte å trekke planprosessen. Det er massereserver av i eksisterande masseuttak.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet i lys av detaljreguleringsprosess i området. Dette vil sei at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		

Innspel: Innspill til nye næringsareal i Lesja: Viktig å unngå konflikter med hytteområdene og naturen/vilt. Steinbruddet som er omsøkt er et godt eksempel på noe som ikke burde settes i gang. Bortsett fra det vil det avhenge av hvilken type næringer det er snakk om. Er det entreprenørområder med maskiner og alt som hører til bør det vel ligge mere skjult enn handel og butikker/kontor. Generelt bør en forsøke å konsentrere seg om områder der en allerede har virksomhet og ikke spre disse utover på mange steder. Det er noe med at et område blir mere attraktivt jo flere virksomheter det er fra før. Slike områder er det både på Bjorli, Lesjaskog, Lesjaverk, Lora og Lesja. Jeg tror for eksempel at Vetlegrenda hadde lykket om den hadde lagt nært til sentrum på Bjorli.		Lesja
Innspel nr. 35	Rune Stokke	
Lesja kommune tolkar innspelet til generelt utviding av eksisterande næringsareal i Lesja kommune, og ein vil ikkje legge opp til støyande næringsvirke i nærleiken av hytteområde.		
Planstatus	Hovudsakleg i LNFR-område i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Kan førekomme	
Mineralressursar	Kan førekomme	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Enkelte områder kan vere i konflikt med natur- og friluftinteresser.	
Faresone	Enkelte område er utsett for flaum- og støy.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei.	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Generell heilhetleg arealforvaltning gjennom kommunen. Fortetting av eksisterande areal, og skilje mellom støyande områder og bustadområde.	
Fagleg vurdering	Lesja kommune er eining i det generelle innspelet med fortetting og samling av næringsareal, og å unngå konflikt interesser mellom potensiell støyande aktivitet og bustadområde. Men ein vurderer å ikkje går vidare med konsekvensutgreiing for alle næringsareal i Lesja kommune. Sidan dette vil bli eit svært omfattande arbeid, ein avgrensar arbeide med utviding av næringsareal til å gjelde dei konkrete innspela om næringsareal.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet.	
K.styremøte dato		


Innspel: Næringsareal. Området er tegnet til 3,8 dekar, men kan ønskelig strekke seg lenger nord til opp mot 5 dekar, litt etter som grunnforhold kan være noe krevende		Lesjaverk
Innspel nr.36	Doseth AS	Gnr/bnr. 36/1
 		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterende busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbudssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Området ligg i gul støysone for E136.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er fritidsbusetnadar i nærområdet.	
Fagleg vurdering	Innspelet er ikkje i konflikt med silingskriteriene, og ein vurderer at innspelet takast vidare til konsekvensutgreiing.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Ynskjer å få omdisponert område frå LNFR til byggeområde for fritidsbustader. Ca. 71 dekar		Skrøya, Lora
Innspel nr. 37	Sigmund Kornkveen	Gnr/bnr. 59/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Området ligg ved fulldyrka jord og innmarksbeite.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Byggeområde ligg ca. 770 moh. og nært villreinens leveområde. Fleire vassdrag i området med buffersone 20 meter.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Det er tre SEFRAK-registrerte bygg i området.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Tur- og friluftsrute som går langs sti gjennom området og opp mot snaufjellet.	
Faresone	Nei	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er ikkje kommunalt vann og avløp til området i dag. Vegen opp til Skrøya er ikkje egna for meir trafikk, og må i så fall utbetrast.	
Fagleg vurdering	I området Skrøya har det tidlegare vore ein gamal gard, men i dag er det fleire spreidde fritidsbustader om kring. Det er ikkje kommunalt vatn og avløp i nærleiken til området, og vegen opp til Skrøya er ikkje egna for meir trafikk. Skrøya ligg bratt til og nært villreinens leveområde, og det er ingen utbyggingsstrategi frå Lesja kommune i dag om å leggje ut slike områder til utbygging.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i mangel på infrastruktur og omsynet til sårbare fjellområde. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		


Innspel: Leggje til rette for spreidd bustadbygging, til dømes i området ovanfor riksvegen ved rasteplassen og eksisterande byggjeområde i kommuneplanen.		Lora
Innspel nr. 38	Grendemøte Lora og Lyftingsmo	Gnr/bnr.
		
Planstatus	LNFR/bustadbusetnad i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad		
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag gjennom området.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Det er registrert eit fjernmålt kulturminne i området som er satt av til framtidig boligbusetnad.	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		
Faresone	Området ligg i gul støysone for E136. I tilknytning til vassdraga ligg delar av området i aktsemdsområde for flaum. Ein liten del aust for Skrøyvegen ligg i aktsemdsområde for jord- og flaumskred.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Området ligg inntil E136.	
Fagleg vurdering	I gjeldande kommuneplanens arealdel er det avsett eit område (gult område i kartfigur) til framtidig bustadbusetnad. Lesja kommune vurderer at området allereie har tilstrekkeleg med areal til bustad, og at det ikkje er behov for fleire tomtar.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet siles ut med bakgrunn i behov for fleire tomtar. Det vil si at innspelet ikkje blir med vidare til konsekvensutgreiing.	
K.styremøte dato		

Innspel: Forslag til område som kan danne eit samanhengande næringsareal på 72/3 og 72/1. Dyrka mark på 72/1 er kun beite. Adkomst frå E136 og Haugavegen. Ca. 2600 dekar. På oversida av E136 er eit større areal 72/3, som også kan vurderast til næringsareal. Ca. 1400 dekar		Lyftingsmo
Innspel nr. 39	Bjørn Magnus Tordhol	Gnr/bnr. 72/3, 72/1
		
Planstatus		LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Delar av området nedanfor E136 blir brukt som innmarksbeite. Arealet er svært tungt dyrkbart.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Sykkelrute på nedsiden av E136


Faresone	Delar av området nord på eigedom 72/3 (oversida av E136) ligg i aktsemdsområde for jord- og flomskred. Areala ligg i raud og gul støysone for E136.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Areala på nedsida av E136 har adkomst frå Haugavegen. Det er kommunalt vatn og avløp i området.
Fagleg vurdering	Lesja kommune har vore på synfaring av området i 2024. Delar av areala som ligg på nedsida av E136 blir brukt som innmarksbeite. Kommunen har vært i kontakt med Statsforvalteren i Innlandet angående bruken som innmarksbeite. Areala ligg nær hovudferdselsåra noko som er positivt når ein vel næringsareal. Arealet på oversida av E136 er spelt inn som mogleg næringsareal. Etter synfaringa som kommunen var på i 2024, er det vurdert at området er betre egna som bustadområde. Dette med omsyn til nærliggande bustader.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast. Arealet på nedsida av E136 vil bli vurdert som næringsareal, og arealet på oversida av E136 vil bli vurdert som bustadområde.
K.styremøte dato	

Innspel: - Ynskjer å fortette Hådilie II med 30 tomter innafor godkjent reguleringsplan. - Ynskjar vidare fortetting av Hådi-Bøområdet (Hådilie III). Det ynskjast å utrede og utvide reguleringsplanområdet til områda sør for dagens område med inntil 20 tomter for utbygging etter at Hådilie II er ferdig utbygd. - Endring av pilegrimsleden/gjenbruk av gamle Nidarosvegen frå Gamle Hådi via Myrin, Reindøl, Korpestuggu, Grisungen og til Hjerinn. - Ny trase for E136 frå Lora på vestsida av dyrkinga på Lesjaleira til Kårbøsetergropa, tunnel til frå der til Kvennmoen og vidare trase til Ulekleiv.		Myrin, Lesja
Innspel nr. 40	Svend Ola Hådi	Gnr/bnr. 125/1, 124/4, 124/6, 124/2, 123/1, 125/8
		
Planstatus		Reguleringsplan for hyttefelt Hådi-Bø
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Hådilie II ligg på om lag 950 m.o.h i bjørkeskog og nær snaufjell. Myr og våtmarksområde.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Reguleringsplan for Hådilie II grensar til Joramo landskapsvernområde.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		I området ligg eit fangstanlegg med 3-4 dyregraver som er automatisk freda. Det er også ei gamal vassveit gjennom området som er eit bevaringsverdig kulturminne.
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Ligg i villreinens leveområde, og det registrert eit trekkområde like ved. Området blir brukt som beiteområde til villrein. Auravegen som går opp til Myrin blir brukt som tur- og friluftsrute. Det blir også køyrd opp skiløype på vinteren i området. Det er elles rikt med stier i området.
Faresone		Høg aktsemd for radon
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei


Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Området er regulert, og delvis utbygd. Tomtereserven er 9 hytter.
Fagleg vurdering	Lesja kommune ynskjer ikkje å legge til rette for utbygging i villreinens leveområde. Sidan innspelet kom har kommunen hatt møte med forslagsstillar og det har vært sendt ut brev til Statsforvalteren i Innlandet for å avklare om det er moglegheit for å jobbe vidare med innspelet. Det er ikkje mogleg på grunn av omsyn til villrein. - Pilegrimsleden (Valldalsleia) gjennom Lesja har egen trase, og innspel knytt til endring av trase må tas gjennom det prosjektet. - Ny trase for E136 er en eventuell nasjonal sak. Dette tas ikkje vidare i kommuneplanens arealdel.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til villrein. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	

Innspel: Forslag til trasear til Hådistein (turmål/viewpoint): 1. Frå Storsvingen, lett tur på kanten av Lesjadalføret - snillare rute. 2. Frå Hådilie, lett tur gjennom Haugan – snillare rute. 3. Frå gamle Hådi Via Ferrata, krev klatring – krevjande rute.		Håkåstadlykkja, Lesja
Innspel nr. 41	Svend Ola Hådi	Gnr/bnr. 125/2, 125/1, 124/4, 124/6, 124/2, 123/1, 125/8, 125/5, 122/3, 122/1
		
Planstatus		LNFR/fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Delvis
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Traseane vil krysse myr og snaufjell.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodszone til vann- og vassdrag		Buffersone 1 i regional plan for Dovrefjell område
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Trase 3 er tenkt i område som består av svært artsrik gamal beitemark med mange trua og krevjande arter.
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk		Traseane ligg i leveområde og trekkområde for villrein. Auravegen som går opp til Myrin blir brukt som tur- og friluftsrute. Det blir også køyrd opp skiløype på vinteren. Det er elles rikt med stier i området.
Faresone		Aktsemdsområde for flaum i tilknytning til vassdrag i området. Store delar av området ligg i aktsemdsområde for snøskred, og jord- og flaumskred. Delar av området ligg i utløpsområde for steinsprang.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Manglar parkering langs E136.

Fagleg vurdering	Lesja kommune er i utgangspunktet positive til innspel om turmål. Samtidig ynskjer ikkje kommunen å leggje til rette for auka ferdsel inn i villreinens leveområde. Innspelet er slik sett ikkje i tråd med overordna føringar.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast å sile ut innspelet med bakgrunn i omsynet til naturfarar og villrein. Dette inneber at innspelet ikkje går vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	


Innspel: Ynskjer å utgreie moglegheita for utvisning av tomter til enten bustad eller hyttar. Området tilhøyrar Nordigard Nordholde, og ligg ovanfor Steinevegen. Ca. 22 dekar		Krekan, Lesja
Innspel nr. 42	Lene Fjeld Gilberg	Gnr/bnr. 94/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Det er drevet med hogst i området, lite skog som står att. Området er i bruk som innmarksbeite. Området er bratt.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag aust på området.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Viktig natur- og friluftsområde for Kyrkjebygda. Blant anna sykkelrute langs Steinevegen, og ei tur- og friluftsrute ovanfor området, som nyttast som skiløype vinterstid.	
Faresone	Aktsemdsområde for flaum i tilknytning vassdraget aust i området.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup i området. Steinevegen er ein privat veg.	
Fagleg vurdering	Steinevegen er ein privat veg som er smal og må utbetrast ved ei eventuell regulering. Det er mogleg å få til adkomst, men ein må vise til vegavtale, og dei private avtalane må leggjast fram når det skal regulrast. For å kome seg til området må ein krysse planovergang. Denne har rekkefølgjekrav med kulvert for adkomst til nytt bustadfelt.	

	Lesja har område som er ferdig regulert som utviding av Lesja bustadfelt, og det finst ledige tomter her. Ein må derfor vurdere behovet for fleire bustadtomter.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspilet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato	


Innspel: Ynskjer at området ved Prestgardsbrua blir ekspropriert av kommunen til offentlig badeplass		Prestgardsbrua, Lesja
Innspel nr. 43	Marit Hole Tynnøl	Gnr/bnr. 102/1, 103/3
		
Planstatus	LNFR/grønstruktur i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Byggjeforbod 100 meter frå vasskanten Lågen.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. (KULA) Dalbotnen i Lesja - Storskala landskapsendring og nydyrking	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Nei	
Faresone	Aktsemd for flaum	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Fylkesveg, relativt bygdenært	
Fagleg vurdering	Kommunen er positive for å legge til rette for offentlig badeplass. Det ligg allereie inne grønstruktur i kommuneplanens arealdel på nordsida av Prestgardsbrua. Ekspropriering er ikkje relevant for denne planprosessen. Lesja kommune legger ikkje opp til å ta i bruk ekspropriering. Om badeplassen skal realiserast vil det vere behov for parkeringsareal, dette vil ein vurdere nærmare i ei konsekvensutgreiing.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: • Ynskjer tilrettelagte områder for camping i statsallmenningane, bl.a i Lordalen. • Forslag til trase frå Dalsida hytteeierforening. Det kan bli aktuelt å anleggje ved frå campingområdet ved Gåsbue og ned til Aursjøen for sjøsetting av båt. • Område avsett til bygging av naustbuer ved Gåsbue og Sørhelle i gjeldande arealplan ynskast vidareført. • Synleggjere ulike omsyn gjennom ein eller fleire omsynssonar. Kommunen bør vurdere å ta inn retningslinjer for fritidsbusetnad, motorferdsel i utmark og vinterbrøyting av Dalsidevegen i arealplanen.	Lordalen og Dalsida ved Gåsbu
---	--------------------------------------

Innspel nr. 44	Lesja fjellstyre	Gnr/bnr. 156/1 (Dalsida), 157/1 (Lordalen)
-----------------------	-------------------------	---



Skisse av Lesja kommune for plassering av campingområde, Lordalen




Skisse av Lesja kommune for plassering av trasé og båtplass, Dalsida

Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad	Campingområder – ja Båtplass - Nei

Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Deler av traseen til båt plass er i tilknytning myr.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Fleire av campingområda ligg i Lordalen landskapsverneområde. Byggeforbodssone til Aursjøen.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Kultur og seterområde i Lordalen. Det er kjent at det i område er fleire kulturminne i tilknytning Aursjøen.
Mineralressursar	Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Villreinens leveområde for Lordalen og Dalsida
Faresone	Fleire av områda ligg nært eller i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Campingplassane er allereie oppretta.
Fagleg vurdering	Innspela gjeld å sikre eksisterande bruk for campingplassane og ny trase for båtutsettingsplass til Aursjøen. Tiltaka er i eller i nær tilknytning til villreinens leveområde. Campingplassane kan ha negativ påverking på villrein, men kan også føre til at ein hindrar villcamping. Ny trase for båt plass ved Aursjøen vil ligge beslag på myr og naturområde i og ved eit våtmarksområde. Natur og villreinomsyn vil bli vurdert nærmare i konsekvensutgreiing.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato	


Innspel:		Bjorli
- Gang og sykkelveg langs med Bjorlivegen. - Gang og sykkelveg langs med Skriuvegen.		
Innspel nr. 45 A	Lesja kommune	Gnr/bnr.





Gang- og sykkelveg langs med Bjorlivegen/Skriuvegen


Planstatus	Langs Bjorlivegen er delar av gang- og sykkelveg detaljregulert. Langs Skriuvegen er mindre delar av gang- og sykkelveg detaljregulert.
Eksisterande busetnad	Gang- og sykkelveg langs Bjorlivegen er oppretta. Det er eksisterande bygg tett på Skriuvegen.
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Kryssar Gamle kongevegen.
Mineralressursar	Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Ja, hovud ferdselsåre for mjuke trafikantar på Bjorli. Bjorli grendeutval er i gang med realisering av Bjorli aktivitetspark, det er forventa at det vert ferdsel til og frå dette område ved Skriuvegen.
Faresone	Store delar av Bjorli "flata" ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei


Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Sentralt på Bjorli, "knyt" saman interesseområde på Bjorli.
Fagleg vurdering	Det er viktig å sikre areal til gang- og sykkelveg for å legge til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar.
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato	


Innspel: Gang og sykkelveg langs med E136 frå Bjorli - Møre og Romsdal fylkesgrense.		Lesja
Innspel nr. 45 B	Lesja kommune	Gnr/bnr.
		
<i>Gang- og sykkelveg langs med E136 frå Bjorli – Møre og Romsdal fylkesgrense</i>		
Planstatus	Gang- og sykkelveg ligger ikkje i kommuneplanens arealdel.	
Eksisterande busetnad		
Dyrka jord, snau fjell, skogsmark, myr	Delar av traseen vil gå på dyrkamark, i hovudsak ved Stueflotten.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Rauma (elv) er verna vassdrag med byggeforbodssone på 100 meter frå vasskanten.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei, men det må truleg sprengast ut fjellmasse på delar av traseen.	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Skredfare, Støysone frå E136	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Vil knyte alle innbyggjarar langs E136 til gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.	
Fagleg vurdering	Det er viktig å sikre areal til gang- og sykkelveg for å legge til rette for trygg ferdsel for mjuketrafikantar.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Kvernmoen til næringsområde inkludert biogass, Ca. 150 daa.		Kjøremsgrende
Innspel nr. 45 C	Lesja kommune	Gnr/bnr. 137/1/1
		
Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja, tidlegare revegard	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei	
Faresone	Lite område i nordleg del er i aktsemdområde for flaum.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Tilkomst ved fylkesveg 2660. Straumkabel i området. Ikkje kommunalt vatn og avlaup i området. Ca. 800 meter i luftlinje til nærmaste busetnad.	
Fagleg vurdering	Området er tidlegare brukt til revegard. Naturleg at området takast i bruk av næringsformål etter det er opprydda. Området bør tilpassast aktsemdområde for flaum.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Næringsområde nord for hestesenteret på Joramo. Ca 160 daa		Joramo, Lesja
Innspel nr. 45 D	Lesja kommune	Gnr/bnr. 140/1, 139/1, 138/1
		
Planstatus		LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Området ligg i nærleiken til Jora vassdrag som er verna.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Fleire merka turstiar i området. Trekkområde for hjortevilt.
Faresone		Deler av området ligg i aktsemdsområde for flaum.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Adkomst til området frå E136 med planfri kryssing over jernbanen, privat veg til området. Det er ikkje kommunalt vatn og avløp i området.
Fagleg vurdering		Lesja kommune vurderer at området er flatt med grusholdig grunn, med lav bonitet furuskog. Det er hesteaktivitet i nærleik som kan være sensitiv til støy. Lesja kommune er positive til tiltaket, men det vil bli satt krav om støynivå med omsyn til hestesenteret.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		

Innspel: Tursti til dagsturhytta Tussheimbue, ca 3,2 km.		Lesja
Innspel nr. 45 E	Lesja kommune	Gnr/bnr. 103/3, 101/4, 101/2, 101/1, 101/3, 102/1, 100/3, 100/1, 103/4
		
Planstatus		LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Snaufjell
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Tussheimbue ligg i Snøhetta villreinområde.
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Tussheimbue er eit populært turmål i Lesja
Faresone		Aktsemdsområde for flaum og snøskred
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Parkeringsplassen ligg ved E136 i Lesja sentrum, som er starten på turen. Omtrent halvvegs i turen er det oppført ein utedo i tilknytning til stien/dagsturhytta.
Fagleg vurdering		Inkludering av stien i kommuneplanens arealdelen vil sikre allmenn ferdsel til dagsturhytta.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		

Innspel: Tursti til dagsturhytta Rånåbue, ca 2 km.		Bjorli, Lesja
Innspel nr. 45 F	Lesja kommune	Gnr/bnr. 1/46, 3/21, 3/7, 3/8, 3/9
		
Planstatus		LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad		Ja
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Traseen går langs dyrka jord. Deler av traseen er i åpent fjellområde.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Rånåkollen er eit populært turmål.	
Faresone	Området ligg i aktsemdskart for snøskred	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Parkeringsplass ved fylkesveg 2668, Rånåvegen.	
Fagleg vurdering	Inkludering av stien i kommuneplanens arealdelen vil sikre allmenn ferdsel til dagsturhytta.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		


Innspel: Utviding av eksisterande bustadfelt, ca. 15 daa.		Lesja sentrum
Innspel nr. 45 G	Lesja kommune	Gnr/bnr. 102/52, 102/50, 105/55
		
Planstatus		LNFR i reguleringsplan for Lesja sentrum
Eksisterande busetnad		Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr		Nei, men det er innmarksbeite.
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag		Nei
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde		Nei
Mineralressursar		Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk		Nei
Faresone		Nei
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader		Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,		Sentrumsnært, kommunalt vatn og avlaup i området.
Fagleg vurdering		Området er ikkje i konflikt med silingskriteriane eller overordna føringar. Arealet ligg nært sentrumsfunksjonar som til døme skule, sjukeheim og omsorgsbustadar.
Fagleg anbefaling		Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.
K.styremøte dato		

Innspel: Bjorli aktivitetspark, ca 22 daa.		Bjorli
Innspel nr. 45 H	Lesja kommune	Gnr/bnr. 2/1296
		
Planstatus	Delar av området er avsett til friluftsområde i reguleringsplan for Vetlegrenda og Bjorli friluftspark	
Eksisterende busetnad	Deler av området er asfaltert.	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Nei	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Nei	
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Gjennom eigedomen går det skiløypetrase og fotrute.	
Faresone	Aktsemdsområde for flaum	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Området ligg i Bjorli sentrum	
Fagleg vurdering	Friluftsiinteressene for allmente blir ivareteken ved å sikre arealet i kommuneplanens arealdel.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Lora elv masseuttak		Lora, Lesja
Innspel nr. 45 I	Lesja kommune	Gnr/bnr.
		
Planstatus	Reguleringsplan for Masseuttak i Lora	
Eksisterande busetnad	Nei	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Deler av området ligg i geologisk naturarv område, og naturvernområde i sjø/vassdrag.	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Ligg i nærleik til Lorkverna – eit industrihistorisk kulturminne.	
Mineralressursar	Massetak grusressurser	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Tur- og friluftsrute langs elva, omfattande sti-nett i området.	
Faresone	Flaumområde, tiltaket er i vassdraget.	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn	Grus- og steinøyer i vassdraget med vegetasjon er ein spesiell naturtype som kan ha eit rikt naturmangfald.	
Fagleg vurdering	Gamal reguleringsplan bør reviderast. Lesja kommune er positive til uttak av masse og samtidig sikre forbygginga.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Næringsareal Brekkelivegen, ca. 110 daa.		Bjorli, Lesja
Innspel nr. 45 J	Lesja kommune	Gnr/bnr. 2/6, 3/1, 3/3, 3 /4, 3/10, 3/12, 3/13
		
Planstatus	Framtidig råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel	
Eksisterande busetnad	Ja	
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Området nord-vest innehar dyrkbar jord. Deler av området består av myr.	
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Området har fleire tjern	
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei	
Mineralressursar	Massetak for grus	
Natur- og friluftsområde, hovudvilt-trekk	Tur- og friluftsrute langs Brekkelivegen	
Faresone	Deler av området ligg i aktsemdsområde for flaum	
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei	
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Det er tungtransport på Brekkelivegen til og frå grustak i nærområdet. Området framstår som lett å ta i bruk, sidan det er flatt og grusholdig grunn.	
Fagleg vurdering	Lesja kommune vurderer at det ikkje er store grusressurser i området å ta ut, og det er meir forholdsmessig å ta i bruk området som næring- anleggsområde.	
Fagleg anbefaling	Det anbefalast at innspelet konsekvensutgreiast.	
K.styremøte dato		

Innspel: Næringsgruppa har gitt innspel om å bevare sentrumsnære næringsområde. Etter befaringsrunder av næringsområde i heile kommunen kom det innspel om utviding av eksisterande næringsområde, til døme Brekkelivegen, Lyftingsmo og Joramo. Forslag til bustadområder på Lyftingsmo, på begge sider av Kloppadalen, og Lesja sentrum. Skal man bygge ut flere tomter så er det rekkefølgebestemmelse i reguleringsplanen om utbygging av overgang/tunnell jernbane.		Lesja
Innspel nr. 46	Næringsgruppe (næringsdrivende, næringslag, Nordveggen, Lesja kommune)	Gnr/bnr.



Kart skisse av Lesja kommune for bustadareal det visast til på Lyftingsmo.

Planstatus	LNFR i kommuneplanens arealdel
Eksisterande busetnad	Nei
Dyrka jord, snaufjell, skogsmark, myr	Nei
Verneområde, (verna) vassdrag, byggeforbodssone til vann- og vassdrag	Vassdrag i området
Verdsarv, kulturlandskap, kulturminne, seterområde	Nei
Mineralressursar	Nei
Natur- og friluftsområde, hovudvilttrekk	Nei
Faresone	Deler av området ligg i aktsemdsområde for flaum, og jord- og flaumskred.
Innspel gjeldande enkelttomt for bustader/fritidsbustader	Nei
Andre omsyn (infrastruktur, bygdenært,	Kommunalt vatn og avløp i nærområdet

Fagleg vurdering	Kommunen er eining i det generelle innspelet med fortetting og samling av næringsareal. Men ein vurderer å ikkje gå vidare med å KU for alle næringsareal i Lesja kommune. Sidan dette vil bli eit svært omfattande arbeid, ein avgrensar arbeide med utviding av næringsareal til å gjelde dei konkrete innspela om næringsareal. Det vises til innspel nr. 39 der næringsområde på Lyftingsmo vert ivareteken. Det er tilgjengeleg næringsareal i eksisterande kommuneplanens arealdel langs Brekkelivegen. På Lyftingsmo er det tomterreserve i detaljreguleringsplan og kommuneplanens areal på ca. 10 tomter. Kommunen vurderer at det er tilstrekkeleg med tomterreserve i området og det takast ikkje vidare til konsekvensutgreiing. Bustadområde i Lesja sentrum er detaljregulert, og det ligg inne ei stor tomterreserve. Men det føreligger eit rekkefølgekrav om planfri kryssing før ein kan ta i bruk heile tomterreserven.
Fagleg anbefaling	Momenta i innspelet frå Næringsgruppa er ivareteken i andre innspel. Innspelet vert derfor ikkje tatt med vidare til konsekvensutgreiing.
K.styremøte dato	